

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64

Fylke:

V. Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Laudal

Emne: Død og begravelse

Bygdelag:

Oppskr. av: T. K. Stunslund

Gard:

(adresse):

Laudal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Varster om død

Ein kunne få mange slag varster om døden. Ja, mange trudde at døden kom aldri kvatt og iversa. Ein fekk allsid forebod. Så laust ein skjøna forebodek, og så tru på det.

Når stjørneren (kattbroen) skreik: beu ut - beu ut "kuhu - u - tu", så var der feige folk i grenda.

Ein gong sat det to stjørnerar og skreik i fjellet heime. Den eine hadde grovt og den andre fint mål. (Den med fint mål var kon henda ein kattuglehane.) Det året døydde to menneske på garden, ein gammal mann og eit lite barn.

Når kattuglehona skreik: kla - vitt - kla - vitt "tyda det og feige folk. Kla - vitt d. va kla kvitt - kla liket i kvitt klade.

Når reurn gøydde, var der feige folk i grenda.

"Liksmeilla" (I fleine bygder i

Indre v. peder sa dei, "liksmedda")
Det var smellare i hus eller uthus.
Det var forbod om likferd. Ikkvissa
skulle spritkrast.

"jordflekke" mörkebrune flekker
"ei arvokel og på kendar, var bod
om at livsdagen snart var til
enda. Dei mörke flekkane skulle
minna om døden og den mörke
grava.

Drømmer. Drømde ein at ei tann
datt ut, tyda det dødsfall i gren-
da eller i akka. Eg kan minnst at
far truede så mykje på desse drøm-
mane.

Matning. Eg minnst kva ein
gammel mann sa: Eg skjönar tje dette,
Eg et så mykje. Eg trar slik fal
matning. Eg trur reint eg er feig.

Feigdå (eller: forleigdå)
"Når folk brått blei så mykje an-
leis enn dei før truede vore i fram-
ferd og tale, sa folk ofte: Eg trur
det frå reint vera feigdå, d. v. s.
det ber mot døden.

Frander kitta ei gammel kone, som eg
minnst. Ho var av god att og klok.
Men så blei ho så full av påfunn og
varskeleg å gjeva til laqs. Det var
"feigdå", som synt seg for ho dögde.

Helligmann eller feigdals
har eg ikkje høyr tale om.

888

13369

Folk tok det nok så alvorleg med desse føreboda på døden. Dei tok dei som signalar som Gud gav så vi kunne bli oss på døden og så få alt i orden både med Gud og menneske.

Bønestykke folk.

Det bli tye natt alltid dødsfall i grinda, sjøl om rivet gøyde og støyven (Hulbroen) streik.

Bønestykke folk d. v. s. guddelege folk som livde seleg kristelig og stod Gud nær, kunne beda så sterkt at døden kunne bli utsett.

Så same vis kunne ulukker bli avvenda når ein brukande bad.

Gamle Lars var så bønestykk ein

mann. Han var så arleg og tok det så alvorleg med livet sitt. Ein dag høyrde han slik ein unndelig brass smell i sine stoveveggen. Han skjøna tra det var, førebod om at ei ulukke snart skulle komma.

Så bad han dag og natt, om at ulukke måtte avvendast.

Nokre dagar seinare stod son hans inni stova og stella med børsa si. Drått gjekk stoled av, for rett ved sida av hovudet til systera og så inn i stoveveggen.

Det var så viss ei tru heime at det var dei sterke bønne til drar som fekk drage stoled litt til side, så inga

ulukke kunde.

Dødsleil.

4

Ég vil heim og dý, sa bestefar, "pá lofti i den gulmála senga". Han fekk det som han ville, og slik var skikken. Den døyande skulle fá sin vilje, så sant det var råd.

Presten laut heim så sant det var råd, og den døyande laut fá nattverden. Men einstille prestar var strikse pá det og let ikkje alltid den døyande fá nattverden. Ein gong var presten til ein gamal mann pá garden heime. "Er du deg som ein stor og forlapt syndar?" spurde presten. Pá dette svara mannen at han nok var ein syndar, men ikkje nett av dei verste. Han kjende iinnest mange som var mykje verre enn han. Presten lika ikkje slik tale. Men mannen heldt pá sitt. Han laut svara som han totte, sa han, syndar, men ikkje nett av dei verste. Ég trur heldt det enda slik at mannen ikkje fekk nattverden.

Ein gong kom presten til grannegarden. Både mannen og kona lag sjúke. Presten kom fyrst til kona. Om ho kjende seg som ein syndar. "Jau, ho hadde nok synda, ho som andre - . Om ho hadde gjort grovt syndar? A- nei. Kvargi i frú. Om ho hadde helst levd eit vent liv? Jau, ná dei siste ár hadde ho helst levd vent og gjort bot ho kunne. Kona stakar, fekk ikkje nattverden.

Så kom turen til mannen han var ein luring og gamal hestehandlar (bedragar, se folk). Men han svara godt for seg og fekk vattverden.

Folk som lag for døden ville gjerne seia greitt farvel til grannane og skolefolk.

Knut, ein av grannane mine, hadde kome litt i ugreie med Ola, grannen sin. Nokre dagar etter blei han mykje sjuk. Då bad ^{han} dei kenta Ola. Han sette handa fram. Me lyt vera venter, Ola, sa han. "Ja Knut, sa Ola, vi er venter." Då la Knut seg ^{no} på. Folk som var inni stova tyt- -te det var så gildt at grannane blei så vel forlikte. Dei tok fram salmeboka, og då salmen var til ende, somna Knut stille inn.

Den døyande sa ofte korleis gravferda skulle vera, kven skulle bedast, kva for salmar skulde syngjast o.s.v.

Oldemor ville at Maria, sonkona, skulle likkle kenne og setja vatthua på hovudet. Far min syngja på grava hennar, og så ville ho ha grava si tett attmed kyrkje-gardsporten.

Død - likfor (gravferd).

Han (ho) er død, sa folk. Så skolefolk få bod om dette. Den døde skulle så liggja i senga så lenge til liket tok til å bli kaldt. Så blei det lagt på langbordet (stovebordet), eller speldnare, på ein

benk.

Rugo blei atllagde og ein penge blei lagt på augneloka, og kjaten blei oppbrunden med ein klut. Men før den døde kom på bordet laud fram vaskast og likkledest, derwom "ligvare" (likklesta) var i orden.

Liket blei vaska og stelt og våret kjemd.

På liggja verk lik, sa folk. Det var ofte næraste styldfolka som stella liket. Men si einshilde grunder var det gjerne ei av konene som gjekk rundt og gjorde dette arbeidet. Var den døde eit mannfolk, skulle ein av mennene på garden vera med og likkle.

Så skulle kista lagast. Kistebord hadde gjerne folk ståande. Kista var oftast svartmala, eller sjeldnare berre svart med ei blanding av sol (hellesol frå bakstehella) og feitt. I kisteløket skar dei ofte ut ein kross. Kista blei ståande uspikra, så folk kunne sjå den døde på likferdsdagen. Når alle som ville sjå hadde sett, blei kista spikra.

Likkleda var venast når dei var av lin. Men linen blei avløyst av bomull, og nå i det siste blir papir brukt til likveip.

dei gamle hadde likstorda ferdig. Det var gjerne finaste stoffa dei åtte. Sokkar og stø blei mest aldri brukt på lik.

8000

⁴
 Kellur ikkje bli' underklede bruka.
 Men hovudpute fylt med høvelflis
 var nok så vanleg.

Før omlag 40 år sidan tok folk til å
 kjøpa ferdige linsveip av lervod, og i
 dei siste 20 åra helst av papir. Før om-
 lag 30 år sidan blei kjøpte, kvite lik-
 -bøster det vanlege.

Når den døde skulle leggjast i kista
 blei skyldfolk og grannar bedne om
 å koma inn. Nærvænde grannar ka
 så den døde i kista.

Når er det litt anleis. Den døde blir
 vaska og stekt svarast rødt. Så blir
 den døde lagt i kista så snart ein
 har fått kista og sveip, og så fyrte kul-
 den etter at dette er gjort. Inviter
 skyldfolk (dei næraste) og så næ-
 raste grannane inn. Ein samtalar
 seg rundt kista, syng ein salme,
 og ofte har ein og ei stutt andakt.
 Så legg ein loket på kista, og folk
 går heim, men fyrst greitt på kv
 tid dei koma med mjølk, dersom
 mjølk skal gjevast til bakings
 og til gumeokning (gume, gome gomeleggje,
 god oskar mjølk, God pålegg på leifer),
 Brevetning blir ikkje bruka når
 folk møter til kistelegging.

Så blir kista ståande i eit rom i
 huset eller i låven. Romet der kista står
 må vera reint og vent, men nok so
 leg pynting brukar ein ikkje. Sv og
 til står ein granbar frå hus til
 låve, dersom kista står der. Derleg

8
på likferdodagen blir dette gjort.
Liket skal liggja med følene mot
døra. Over andlikelet breier ein ein firkanta
duk. Svitteduk kallar somme denne du-
ken. Loket står på kista, for det er
sjeldan nå at nokon ser liket etter
det er lagt i kista.

Gravpapet har vi ikkje her i bygda.
Ein skulle fara stillsleg
og tala helst lite og lagt når det
stod lik i huset. Også gravvare
skulle vera stillslege og alvorsame.
Lystig song og spel laut ein vara seg
for, og dans måtte ein ikkje ha.
Einhå er det stik. Her på daudal
er eit ungdomsthus (dansenhus),
For eit par år sidan var det lit-
tlyst fest (dans) ein laurdags
kveld. Men netti denne dagen døyd-
de postoprvaren vår. Så blei festen
brøtt avlyst, og dei verste dans-
galningane laut gå på dans
i andre bygdar.

I likfør (gravferd) gjekk dei gamle
i sine vanlige kyrkjeklæde. Men stas,
stikk som kvæter og annan stas,
skulle ein helst ikkje ha.

Nå brukar kvinnfolka alltid
svarte tjotar, og mennene mørke
klæde til likfør. Borna skal og
helst ha mørke klæde. Men, ein
tek det tje så nøye med borna.

Det blir sorg når nokon
døye, og difor er det gammal
skikk at ein skal freude å trøyta.

Oldemor sørgde ikkje då eit par av småbarna kunne døydde. Ho tralla og song og var strålende glad. Når vi barna mine i himmelen, sa ho, dei slapp å synda seg ut i denne vande, stygge verda.

Flørste trøysta var når ein kunne bli salig (koma til himmelen). A døy godsleg, det var slik ei trøyst. Bista mi døydde i 20 årsalderen. Ho fekk kottbrand, og leid fall, og så var det så sårt å døy frå han veste fruk (far min). Men brått stoppa verken, og ho låg stille og lydde. Eg høyrer så ven ein song, sa ho og smilte. Så let ho att ådgo, og dermed var ho på reisa.

Likfredsdagen skulle vera 6. eller 7. dagen etter dødsdagen. Sundagen blei ikkje bruka til likf. dag.

Ein av grannane, eller ein av åtta (men ikkje nærskylde), bad til likfor. "Bearen" kom oftest berre til framdøra, banka litt på døra, og så kom gjerne eit par av husebs folk ut og tok mot innbedinga. Var husa romstege blei kista sett i største stova eller i gonga mellom stovene. Men oftast blei kista sett på tunet. Så samla folk seg kring kista. Ein salme blei sunge, og så keldt gjerne ein av lyden ei andakt, eller fleire sa nokre velfars-

ord. I eldre tid var ikkje kransar i bruk. Men på kista brann ljøs, eitt eller to. Eg trur ikkje dei gjorde skil her om den døde var mann eller kone. Etter taler og takk-ord kom ein ny salme, og så blei kista sett på kjerre eller på sleden. Ein av næraste grannane kjoysde. Før dei reiste or tunet, tok kjoysaren tratten av seg og sa t. d.: "Ja seier me far-vel til kvar og takkar kvar for kvar dagen vi trak vore i kop?"

På somme gardar brukar dei å syn-ge ein salme når dei reiste or tunet. Ein måtte aldri kjoysa først med lik, helst berre gonga.

Ved kyrkjegardsporten kom berarane og tok kista og bar ho fram til grava imedan ein eller og to av dei beste songarane gjekk føre og song. Kista blei alltid boren slik at føtine smudde fram.

Kyrkjeklokkene skulle alltid låta når nokon blei boren til grava.

Kyrkjeteraren tradd ofte dette ar-beidet. Men elles var det ofte ein ut av selskapen som ringja. Frå vegkrysset i Nygardstragen og til kirk var sett ned på kyrkjegarden skulle kyrkjeklokka låta.

Så var det å finna gruvplan, helst der andre av same etta låg. Så laud folk ta hakker og spader (under kyrkja) og så få grava ferdig. Var det vinter og jorda klaka, laud grava gjerast ferdig dagen før

6.

11

Så blei kista fird i grava, og så var det å grava på. Ein sette så ein liten "stavrende" i grava. Den skulle stå til det blei frike, og den døde kunne bli jordfesta. På jordfestingssundagen samlast granne og skyldfolk kring grava og høyrde jordf. talen og dei alvorlege ord at alle dei i gravene skal gå frem o.s.v. Typisk når jordf. var over, rekna ein med at den døde hadde fred i grava.

Det gjekk ofte helst skurve for seg når "selstapen" skulle grava grava på sjølv likferdodagen. Ofte blei gravvarene ikkje brukt, og ofte blei grava ikkje djup nok.

Bele blei det då ein fast gravar blei tilsett.

På heimveg frå kyrkja kunne ein nok lata "hestane dilla". Men køyra fort skulle ein ikkje.

Etter gamal skikk skulle alle i gjen- da bedast i likfor, og matmåla måtte traldast, morgonmat, middagsmat (helst kjøtsuppe) når folk kom att frå kyrkja, så kaffi, og så natteliv, t kveldsmat som ein gjerne ikkje fekk for langt ut på natta.

ei likfor varde ein dag. Men næraste skyldfolka var gjerne to dagar. I eldre tid blei det bryggja til likferd. Men eg trur nok det er 70-80 år nå sidan

dette blei stutt. I 1916 var eg i ei
likfor (det var dokteren vår som var
død), og då blei det styvkt vin.

Ég minnst ei likfor i Eiken i 1908,
tuntyer eg det var. Der bruka dei
brunnvin og drakk „ullfarsdrann“.
Ei gammal kone, systor til han som
var død, tok drammen med desse
orde „Ég og sksel he vare mykje i
kop. sksel he vare jille for min
del, farvel“.

Nor, det gjekk ikkje serleg bra i
denne likferda. Nesteldste sonen
til den døde skulle stå for styv-
kinga. Men det gjekk reint gale.
Han blei full alt på kyrkjevegen, og
då lista var ferd i grava, kom
han slaukande: „Nå vil eg tala
på far si grav“, sa han og slo
ut med hendene. Bror hans
fekk han med seg bak kyrkja.
Der fekk han ein pangang og
ei på minning så kraftig at
han blei seg roleg på heimvegen.
Dagen etter trege han sarkt, og
tykte fall leitt for det han had-
de gjort. „Trur du blir nåde å få
for slikt eit menneske som eg⁺ sa
han til kona si.“

Folk var halde hand på det
gamle når det gjeld likferds-
skitkar.

Likevel har vi fått ymse
brigde i det siste.

Kransar.

ald for 40-50 år sidan kom kransar i bruk, derom det var summertid; for kransane var heimelaga av velle blommar og hageblommar. Njålbeulynq blei mykje nytta, for den blei fin i krans saman med blommar.

Den siste 20 åra har det mykje gått på kjøpe kransar (med sløyfevi) frå byen. Nokre av kransane blir pålagde heime, og nokre blir pålagde i bystja (med ein liten tale til, for i Sandalognunda som er største grunda i bygda, bed ein nå berre to frå kvar hus, og så får grøtten mat berre ein gong (kaffimat)).

Presten møter i heimen, ein brukar prenta songar. Kista blir sett i kyrkja. Prest og klokkar møter ved kyrkjeportent, og går føre og syng når kista blir bori inn. Ved kyrkjedøri, tagnar kyrkje-klokka, og så spelar organisten med kista blir sett på kyrkjegolvet, like nedan for koret, føtene mot døra. Etter tale, song og kransleggjering, blir kista bori ut av kyrkja til musikk av orgellet. Presten går føre kista. Kyrkjeklokkene ringjer medan kista blir sett på firingsapparatet. Når kista er fird (her i bygda heilt ned)

14

stoggar kyrkjebløkkene, og så blir
det song og jordfesting. Dei fast-
sette kransane (medl. i heimen)
går med i grava. Dei lause blir
lagde ved sida av grava. Så tak-
kar kjøkemeisteren alle som har
fylgt, og bed dei med att til sam-
men i heimen.

Flagga står på halv stang heile
likferdsdagen.

Bordbøn brukar dei ikkje her. Men
dei song bænders føre og etter maten.

Det er vel godt og vel bær
sidan vi fekk fast gravar i bygda.
Men gravene blei lenge ikkje
særlig godt stilla. Nå blir det bet-
-re for kvart år. Vi har fått
springvatn på kyrkjegarden, så
nå kan folk planka og halda gra-
-vene finte. Ein og annan legg
blomar på grava julekvelden, eller
og let eit ljøs brenna, dersom vert er
slik at ein kan få det til.

Beravane som ber kista er
næraste grannane eller skyld-
folk (men ikkje av dei næraste)

(Belag eller gramma som dei sei-
-er her, er frå gammalt det samt for
likferd og bryllup.

Kyrkjeteraren (gravaren) er det nå som
kastar grava att. Grev på, seier folk.
Han legg også dei lause kransane
på grava.

Ein ven likferdsdag var
eit godt teikn på at den døde
for vel. Tol på kista skulle det
vera, og elles var det godt om ein
høyvete mytje fuglesong på
likferdsdagen. Fyr, kald vind
og snøfok var ikkje gildt, og tose-
ber var reint ille.

Æiken budde ein mann som
kutte Eoin Nöklund. Han var vi-
de kjend for sin gudlegdom.
Likferdsdagen hans blii også
noko reint utem det vanlege.
Det var som noko godt og him-
melsk låg over bygda, og då
fylgjet karma seg kóngja, laut
folk sterna og lyda.

Dei høyvde stik ein underleg
van lat oppe frå himmelkullen.
Det var englesongen, sa folk.

Ta livet sitt, sjölvord, det
var noko reint falsleg, tykte dei gamle.
Likferd etter slike var ikkje tryggelig.
Kista med lik av sjölvordar skulle
ikkje gå gjennom kyrkjeg. porten, men
sindast over kyrkjemuren.

Nå ser ein mildant på sjölvord. Ein
trur det er nervant som klikkar. Sjölv-
ordaren er tyg klar over kva han
gjek, og difor må ein ikkje døma
strengt.

Ëg var vore i likfor etter
sjölvordarar. Men dei har kjt
skild serleg ut frå vanlege likf.

Døddøde born fekk grav som vanleg,
men inga likfor. For tidleg fødde
blei sumtid lagde ned i ei grav
til ein av dei næraste i ette.

Skinnöd.

Ég minnest ei gammal kone som var så
redd for skinnöden. Ho bad om at
at liket hennar måtte få liggja
på bordet nokre dagar, så ho tur-
ne kom seg på føtela i tilfelle
ho skulle vakna opp att. Det var
nok redsla for skinnöden som gjorde
at dei let liket liggja på sto-
vorbordet dei fyrste dagane.

Ei kone var død. Ho blei lagt på
bordet i sine stova. Så eit par da-
gar seinare kom ho inn i dagleg-
stova, tok likkleda av og fortalde at
ho hadde vort skinnöd. Ho høyrde kva
folk tala, og kunne følgja med kva
dei gjorde. Men sjølv kunne ho ingen-
ting gjera. (Denne saga høyrde eg i omkr. bandona.)
Når dei tok opp eller opna loket på
kista i gamle graver, hende del av eg
til at den døde hadde smidd seg i grava,
eller rive håret av seg. Men låg bein-
grinda fint i kista, var ein trygg for
skinnöd. Då eg var liten, høyrde eg
folk tenke så smått på å opna ei grav
(tiste) Ei ung kone døydde, men ho låg
så allfor, vent lik, sa folk, og etter lik-
ferda blei det så urølege klimen om net-
tene-est teikn på skinnöd. Det blei
likevel ikkje noko av kists opninga.